

HELGASTØL

Høgde over havet: ca.470 m

Lengde ein veg: 3,2

Stigning: 380

Tid: ca.1 time ein veg

Gradering: Lett (viss du køyrer) elles middels

Lengd:

Køyr til siste gardsbruk/hus inst i Folkedal og parker i tunet til Astrid og Lars Ingvald Folkedal. Gå deretter grusveg vidare til ca.50 meter frå gamle kraftstasjon/nytt reiskapshus og ta så til venstre på sti merka Helgastøl. Det går litt bratt oppover i «Gryvle» i starten før det flatar ut bortover til du kjem til ein attgrodd traktorveg. Følg denne eit lite stykke før du tek til høgre og går oppover gjennom granskog til «Rokleivhamaren». Litt forbi denne kryssar du skogsvegen og går vidare gjennom granskog til «Reisleleet». Kryss skogsvegen på nytt og ta bratt oppover på venstre side av bekken, før du går over bekken att og vidare opp til ny kryssing av skogsvegen. No er det berre ein liten bakke att og så er det flatt bort til stølen.

Alternativt kan du gå/køyra skogsvegen.(bomveg 50 kr). Parkering på eige ansvar då det kan vere mykje kyr som kan gjera skade.

Det var før 3 vegar til Helgastøl: Gangvegen frå Elvatun over Tueteigen om Hesgilgjane og vidare på skrå oppover lia delvis der skogsvegen går i dag. Buførevegen frå Elvatun følgde vegen til Håli eit stykke før den gjekk på skrå oppover lia til den gjekk flatare inn Åsen til støls. Eller til sist Reislevegen/kløvjavegen frå Sauatreet inst i Folkedal. Dette er den gamle saltvegen til Voss som gjekk framom Helgastøl om Olastøl (Som tidlegare var Folkedalsstøl) og Krokavatnet. Vidare om Bulko og Vindberg, og ned på Flatlandsmo. Etter at det kom ny veg langs elva i Folkedal i 1950-60 åra vart det etterkvart vegen frå Sauatreet som vart mest brukt.

GOD TUR!